



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMELDING 2005

**Årsmøte i skyttarhuset i Eivaldgjerde
Fredag 17. februar 2006 Kl.19:00**



Den nye leirduebana/lagshytta på Kleppa

Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid!



ÅRSMØTE

Skyttarhuset i Eivaldgjerde
Fredag 17. februar kl.19:00

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Revidering av laget sine vedtekter:
 §4: Dei leiande organa i laget er. (*sjå eige ark*)
8. Orientering om opprustinga på Kleppa.
(Lysbilde framvising av dugnaden.)
9. Opptak av lån til sluttføring av lagshytta/leirduebana.
10. Info. om aktivitetar i 2006.
11. Innkomne saker.
12. Lysbilde framvising frå jakt i Afrika.

Enkel severing og sosialt samvær!

Nye og gamle medlemar velkomne!

Styret

Leikanger jakt- og fiskelag

ÅRSMELDING 2005

Styret har i 2005 vore samansett som følgjer:

Leiar:	Svein Inge Lundheim
Nestleiar:	Per Ove Fossheim
Kasserar:	Håkon Nesse
Sekretær:	Sven Erik Vestby
Vara:	Per Norstein

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøter

Byggenemnd for lagshytteprosjektet

Leiar:	Per Ove Fossheim
	Svein Inge Lundheim
	Håkon Nesse
	Kurt Langeteig

Møteaktivitet

Det er halde tre styremøte. I tillegg er det gjennomført om lag 10 byggemøte om hytta på Kleppa.

Oppsummering

Året 2005 har vore eit særskilt år. Det mest gledelege er vel at bygging av lagshytte etter mange års arbeid og utgreiing av ulike alternativ, endeleg er i gang. Etter positivt vedtak i mai om tilskot frå spelemidlar, har svært mykje merksemd og energi gått til prosjektet på Kleppa. Ved årsskiftet var bygget under tak, ikkje minst grunna 1400 timer dugnad fordelt på om lag 50 ulike personar.

Trass hytteprosjektet har laget gjennomført ei lang rekke tiltak, jf oppsummeringane nedanfor. Dette har vi fått mykje merksemd på, ikkje minst frå Sogn Avis. Ei lang rekke artiklar om laget og aktiviteten vår, medførte at vi fekk delt første plass i NJFF sin mediakonkurranse for medlemslag. Aktiviteten har medført ein svært stor auke i talet på medlemmar. Ved nyårsskiftet hadde laget 168 medlemmar, ein auke på 42.

Vi vil og peike på den støtta vi har fått frå Sparebanken Sogn og Fjordane (8.000 kr), kulturmidlar frå kommunen (2.000 kr) og sponsorstønad frå Sogn Avis (12.000 kr eks. mva.). Medlemmane får også medlemstilbod/rabattar frå Autovern, Leikanger Bokhandel og E. Røysum.

Av inntektsgjenvande aktivitet kan det særskilt peikast på deltaking i flyttedugnaden for fylkesmannen, og ein avtale med Sognefjord Reiseliv/Leikanger om produksjon av 20 stiskilt, samt rydding og merking av 6 stiar.

Jakt og fiskelaget disponerer ei hytte ved Vetele Trastadalsvatnet i Trastadalen, fremst i Henjadalen, 1013 m.o.h. Denne hytta fungerer som ly og overnatningsstad i samband med naudsynt vedlikehald av dammen ved Store Trastadalsvatn. Leikanger Jakt og Fiskelag har ein avtale med Leikanger kommune om bruks- og disponeringsrett mot vedlikehald av hytta. Etter mange års dugnadsinnsats, har hytta vorte fin og velutstyrt. Likevel er ho ikkje særleg mykje brukta – det vart berre registrert 17 overnattingsdagar førre året.

Jakt og fiskelaget hadde i 2005 ein godt plassert stand på 'Fruktbare dagar' der mange var innom og prøvesmakte på grilla vilt og fisk.

FISKEUTVALET har i 2005 hatt følgjande medlemmer:

Leiar: Jan Magne Vigdal

Medlem: Carlo Aall

Medlem: Jermund Høgheim

Medlem: Per Sivert Nesdal

Ei av dei aktivitetane som det er lettast å få born, ungdom og vaksne med på, er fisking. I 2005 har det vore arrangert ei lang rekke aktivitetar med appell til heile familien.

Tidleg i mars vart det som eit arrangement i skulestangprosjektet arrangert isfiske på Dalavatnet i Sogndalsdalen. Kring 60 systrendingar slo seg ned nær osen denne sundagen. Det vart spadd og bora, og det varde ikkje lenge før dei første aurane var vel oppe på isen. Nær på alle som prøvde seg fekk fisk i løpet av ei særstak triveleg økt på isen.

Første fiskekongurranse er Vårsprellen på Hanahaug, i 2005 arrangert den 19. juni i godt ver. Deltakinga var god med om lag 60 deltakarar. Det var særleg godt oppmøte av dei unge. Det viste at også ved at det vart mange nye medlemmer i Fiskeklubben.

Den mest tradisjonsrike arrangementet Leikanger jakt og fiskelag har, er kan hende fiskekonguransen på Fjærlandsete. Arrangement appellerer både til hardbarka aurefiskarar og dei som set meir pris på den sosiale sida og samlar difor mange. Årets kongurranse vart halde den 30. juli, med nesten for fint (fiske)ver for dei ivrige deltakarane.

Begge desse fiskekonguransane vart arrangert som "Fiskeklubb-arrangement" for dei under 16 år, med gratis påmelding og premiar til alle. Elles var konguransane registrert som "Fiskesommer" arrangement.

Kunnskap er nyttig også når ein skal fiske. Jakt og fiskelaget nytta den røynde flugefiskaren Gunnar Olsmo som instruktør i flukekasting. I 2005 var det kurs for vaksne, oppmøtet var bra, og mange kom store steg vidare i kunsten. Med oppstart i februar vart det og arrangert kurs i fluebitting over seks kveldar og med god deltaking. Det er Tore Broch som har vore hovudinstruktør for kurset.

Barneskulen har gjennom det landsomfattande Skulestangprosjektet fått to klassesett med makkastenger. For tredje året har medlemmer frå jakt og fiskelaget vore instruktørar for ivrige fisketalent framme på Flya.

I 2005 arrangerte laget også familietur til Hallingskeisanden i Lærdalsfjella. Så svært mange fiskar vart det ikkje å ta med heim. Men spanande var det å få vere med på å sleppe ut nye fiskar i vatna.

JAKTUTVALET har i 2005 hatt følgjande medlemmer:

Leiar: Bjarne Sjøthun
 Medlem: Per Olav Henjum
 Medlem: Per Norstein
 Medlem: Øyvind Njøs

Jakt og fiskelaget har i fleire år arrangert kurs for jegerprøve. I 2005 var det 9 deltakarar, noko som er ein reduksjon frå året før. Dette kan skuldast at eit oppsamla behov no er fylt.

Eit av dei praktiske kursa laget vil prøve å halde kvart år gje årleg, er partering av vilt. Dei to siste åra har Helge Fardal, lærar frå Luster vidaregåande på Hafslo, halde kurs i skjering av hjort. Kurset hausten 2005 samla 15 deltakarar, og fekk god omtale i Sogn Avis.

Laget ønskjer å stimulere til målretta jakt og fangst. Mårpokalen vart i 2005 vunnen til odel og eige av Harry Eggum. For rev kom det ikkje inn fangstmelding dette året. Fangstkonkuransen er eit samarbeid med Systrond Grunneigarlag.

"Jaktskytingens dag" vart arrangert den 3. og 4. sep. på 100m og på leirduebana. Der var det lite deltaking. Elles høyrer det med til utvalet sine oppgåver å delta ved jaktprøveskytinga.

LEIRDUEBANEUTVAL

hadde i 2005 følgjande samansetting:

Leiar: Leif-Arne Lingjerde
 Medlem: Odd Reksnes
 Medlem: Emil R. Skartun
 Medlem: Svein Inge Lundheim

Leirduebana har vore open for trening på onsdagar. Aktiviteten på leirduebana og deltaking på stemne har vore liten. Men trass dette har fleire av medlemmene i laget har markert seg i leirdueskyting også i år.

Det er Frode Husum som har vore den som har gjort det best. Ikkje minst må det nemnast at han noko uventa kom frå outsiderposisjon og fekk sølv i Skandinavisk meisterskap i greina nordisk trap. Plassen på landslaget fekk han m.a. etter framifrå skyting i noregsmeistarskapen i nordisk trap i Nittedal. Der fekk han bronseplass etter omskyting om sølvet.

Ein annan av medlemmene som har slått til i år er junioren Emil Røysum Skartun. Han kan sjå attende på 2. plass i klasse D2 i NM i jegertrap. Han vart då tredje beste junior i konkurransen. I landsdelsmeisterskapen i Åsane vann han sin klasse, og vart nr seks totalt. Han fekk som beste junior også med seg bronse frå fylkesmeisterskapen i Gloppen. Vi gratulerer så mykje.

Elles har veteranen Kurt Langeteig som vanleg vore frampå. Han samla med seg gull frå fylkesmeisterskapen i jegertrap og sølv i same på landsdelsmeisterskapen. På landsdelsmeisterskapet i jegertrap som var arrangert i Åsane, vart han nr 2 etter omskyting om gullet

Så også medlemmer i Leikanger jakt- og fiskelag er med på å plassere Leikanger og Sogn på det store kartet. Frå neste år har vi nytt skyteanlegg på Kleppa. Måtte det inspirere fleire til å delta i skytinga!

Leikanger Ungdomsskule sine tiande klasse hadde valfag, og då valde dei å prøve hagle-skyting til og med. Lærarane prøvde seg også. Syril sitt herrelag i fotball har også vore på vitjing på leirdueskytinga.

Lagsmeisterskapen i jegertrap og leirduesti arrangert på Kleppa, der Kurt Laneteig vann begge greinane.

Beste junior: Ørjan Næss

I år vart Duellen med skyttarlaget teken opp att. Leikanger jfl vann samanlagt.

Nils Olav Laneteig vart kåra til "Systrond beste skyttar" samanlagt.

UNGDOMSUTVALET har i 2005 hatt følgjande medlemmar:

Leiar: Sverre Fjøsne

Medlem: Jan Thore Fedje

Medlem: Arve Yttri

Medlem: Ingvar Husabø

Ungdomsutvalet har hatt eit aktivt år og har samarbeidd med fiskeutvalet med dei fleste aktivitetane, som isfiske på Dalavatnet, flugebitting, flukekasting, fiskekonurransane, familie/fisketurten til Hallingskeisanden og skulestangprosjektet på Flotande.

HUNDEUTVALET har i 2005 hatt følgjande medlemmar:

Leiar: Bjørn Monsen

Medlem: Kurt Laneteig

Medlem: Øyvind Husabø

Medlem: Bjørn Fjøsne

Å utvikle ein hund som god jakthund er eit omfattande arbeid. I fjor hadde gruppa treningar av ståande fuglehundar frå januar og ut mars, og med siste finpuss før jakta frå 20. august til 9. september. Det var også ei treningsamling på Aurlandsfjellet i februar.

For dei som ynskte ein sauerein hund, vart det halde aversjonskurs i mai, august, september og oktober.

Men det er og eit mål å vise fram hundane i konurransar. Gjeldskogen's Lea til eigar Øyvind Husabø har gjort det særskilt godt med 2 x 1. UK og 4 x 2. UK. Hunden fekk også m.a. 1. UK kval. Norsk derby.

Øyers' Roy til eigar Bjørn Monsen kom til finalen i NM høgfjell på Kongsvoll. Dei har motteke følgjande premieringar: 1 x 2.VK m/res. Cacit, 2. VK sem. NM, 1x4. VK, 2 x 5. VK og 1x 6. VK.

Bjørn Monsen har også teke eksamen som autorisert dommar på ståande fuglehundprøvar.

Styret

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2005

UTGIFTER

Kontor / Rekvisita	2 510,50
Kontingenter	1 905,00
Kurs/møter	10 628,00
Trastadalshytta	162,00
Drift leirduebane	24 232,38
Eigne kurs	4 659,20
Barn/ungdomsarbeid	751,00
Fiskekonkurransar	1 626,00
Diverse utgifter	28 726,16
Dugnadsarbeid	1 859,50
Leirduebane nytt anlegg	270 925,38
 Sum utgifter	 347 985,12

INNTEKTER

Renteinntekter	122,00
Sponsor/gaver	10 000,00
Kontingent	6 260,00
Eigne kurs	4 190,00
Fiskekonkurransar	2 400,00
Diverse inntekter	19 877,38
Trastadalshytta	1 700,00
Drift Leirduebane	17 773,00
Barn/ungdomsarbeid	24 402,00
Dugnadsarbeid	52 917,00
Leirduebane nytt anlegg	378 000,00
 Sum inntekter	 517 641,38

Overskott	169 656,26
-----------	------------

AKTIVA PR 31.12.2005

Sparebanken Sogn og Fjordane	205 047,93
Fiskeutstyr / Fluestang	13 500,00
Skot, duer, premiar mm	10 883,00
3 stk lavvo med ovner, heller	12 000,00
Bygg, anlegg 50% ferdig	350 000,00
Leirduekastar m/ utstyr	12 150,00
Videospelar/overhead/stativ	6 120,00
Diverse artiklar for salg	5 900,00
 Sum aktiva	 615 600,93

(Godkjent):

Hilde Nesse

*Rekneskapen revidert og finnaus
i orden.*

Leikanger 08.02.06.

Inge Øtter

Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2005

8

Forklaring: A = på val 2006 B = ikkje på val 2006

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim	attval	97570583
A	Kasserar	Håkon Nesse	attval	97511639
B	Sekretær	Sven Erik Vestby		99252281
B	Varamedl	Per Norstein		48182680
A (1år)	Kvinnekontakt		Marianne Vara	57654251

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	attval	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	attval	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs		99499167

Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal		95259791
A	Medlem	Carlo Aall	attval	48170714
B	Medlem	Jermund Høgheim		48154373
A	Medlem	Per Sivert Nesdal	attval	95004333

Leirduebaneutval:

A	Leiar	Leif Arne Lingjerde	attval	91176689
A	Medlem	Odd Reksnes	attval	95758559
B	Medlem	Svein Inge Lundheim		90605267
B	Medlem	Emil Røysum Skartun		47641028

Ungdomsutval:

B	Leiar	Sverre Fjøsne		90639848
B	Medlem	Arve Yttri		97096865
A	Medlem	Ingar Husabø	attval	95709825
A	Medlem	Jan Thore Fedje	attval	95758389

Hundeutval:

B	Leiar	Bjørn Monsen		90590848
B	Medlem	Kurt Langeteig		95089899
A	Medlem	Øyvind Husabø	attval	97155161
A	Medlem	Bjørn Fjøsne	Geir Ove Røysum	57653974

Revisor:

A		Sverre Fossen	attval	57653329
B		Inge Yttri		57653331

Valkomite:

B	Leiar	Øyvind Husabø	Bjørn Monsen	90590848
B	Medlem	Bjørn Monsen	Emil Røysum Skartun	47641028
A	Medlem	Emil Røysum Skartun		

TRASTADALSHYTTA



Leikanger Jakt og Fiskelag heldt ÅRSMØTE 2006
i Skyttarhuset i Eivaldgjerde fredag 17. februar kl.19:00

Til stades:

Svein Inge Lundheim, Kurt Langeteig, Jan Magne Vigdal, Per Norstein, Bjørn Monsen, Ivar Fagerheim, Odd Reksnes, Ole Simen Nesdal, Leif Bjarne Sæle, Per Ove Fossheim, Sverre Fjøsne, Bjarne Sjøthun, Leif Arne Lingjerde, Sverre Fjøsne, Jacob Støyva, Sven Erik Vestby, Arne Skogli, Håkon Nesse, Jan Thore Fedje, Vidar Frækaland, Øyvind Husabø, Øyvind Njøs.

SAKLISTE:

Sak 1: Godkjenning av møteinnkalling.

Lysbildeframsyninga til sak 8 vert flytt til slutten. Elles godkjent

Sak 2. Val av møteleiar og skrivar.

Vedtak: Møteleiar: Svein Inge Lundheim, skrivar Sven Erik Vestby.

Sak 3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Vedtak: Sverre Fjøsne og Jakob Støyva vart vald.

Sak 4. Årsmelding.

Årsmeldinga vart gått gjennom. Følgjande tilleggsinformasjon vart gjeve til meldinga frå hundeutvalet: Kurt Langeteig vann 2. AK med Tysvikas Åsa på Mjølfjell. Godkjent utan andre merknader.

Sak 5. Rekneskap.

Vedtak: Godkjent utan merknad

Sak 6. Val.

Leiar:	Svein Inge Lundheim	Ikkje på val
Nestleiar:	Per Ove Fossheim	Attval
Kasserar:	Håkon Nesse.	Attval
Sekretær:	Sven Erik Vestby	Ikkje på val
Varamedlem:	Per Norstein.	Ikkje på val
Kvinnekontakt (1 år):	Marianne Vara	Vald
<i>Jaktutval:</i>		
Leiar:	Bjarne Sjøthun.	Attval
Medlem:	Per Olav Henjum	Attval
Medlem:	Per Norstein.	Ikkje på val
Medlem:	Øyvind Njøs.	Ikkje på val
<i>Fiskeutval:</i>		
Leiar:	Jan Magne Vigdal.	Ikkje på val
Medlem:	Carlo Aall.	Attval
Medlem:	Jermund Høgheim	Ikkje på val
Medlem:	Per Sivert Nesdal.	Attval
<i>Leiriduebaneutval:</i>		
Leiar:	Leif Arne Lingjerde	Attval
Medlem:	Odd Reksnes	Attval
Medlem:	Svein Inge Lundheim	Ikkje på val
Medlem:	Emil Røysum Skartun	Ikkje på val

Ungdomsutval:

Leiar:	Sverre Fjøsne	Ikkje på val
Medlem:	Arve Yttri	Ikkje på val
Medlem:	Ingar Husabø	Attval
Medlem:	Jan Thore Fedje	Attval

Hundeutval:

Leiar:	Bjørn Monsen	Ikkje på val
Medlem:	Kurt Langeteig	Ikkje på val
Medlem:	Øyvind Husabø	Attval
Medlem:	Bjørn Fjøsne	
	Forslag ny: Geir Ove Røysum	Vald
Revisor:	Sverre Fossen	Attval
Revisor:	Inge Yttri	Ikkje på val

Valkomite:

Leiar:	Bjørn Monsen	
Medlem:	Emil Røysum Skartun	
Medlem	Øyvind Husabø	
	Forslag ny: Marianne Vara	Vald

Sak 7. Revisjon av laget sine vedtekter:

Forslag til ny tekst for § 4 i vedtekten

§ 4: Dei leiande organa i laget er

1. Ordinært årsmøte 2. Ekstraordinært årsmøte. 3 Styret 4 Jakt-, fiske-, leirduebane-, ungdoms- og hundeutval

Forslaget einstemmig vedteke

Sak 8. Orientering om opprustinga på Kleppa.

Per Ove Fossheim orienterte om arbeid/dugnader kring bygging av ny lagshytte/leirduebane.

Sak 9. Opptak av lån til sluttføring av lagshytta/leirduebana.

Styret la fram følgjande forslag til vedtak:

Årsmøtet i Leikanger jakt og fiskelag (Ljf) godkjenner at det vert teke opp eit lån på opptil 200 000 kr frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Styret får fullmakt til å forhandle vilkår for eit slikt lån.

Leiar, nestleiar, kasserar og sekretær skal skrive under på lånesøknaden for laget.

Vedtak: Einstemmig vedteke

Sak 10. Informasjon om planlagde aktivitetar i 2006.

Styret orienterte om planlagde aktivitetar i 2006.

Sak 11. Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Ordinært årsmøte vart avslutta kl 20.35.

Sak 12. Lysbildeframvising frå jakt i Afrika.

Det var deretter lysbildeframvisning frå bygginga av lagshytte.

Årsmøtet viste lysbilete frå jakt i Afrika.

For årsmøtet:
Sverre Fjøsne
Jakob Støyva